

Riksrevisjonens melding om verksemda i 2008

Dokument nr. 2 (2008–2009)



42 104 10 587 040 9 425 14 617 8663 38 121 24 060 10 400

Denne publikasjonen er tilgjengeleg på Internett:
www.riksrevisjonen.no

Offentlege etatar kan tinge publikasjonen frå
Departementenes servicesenter
Telefon: 22 24 20 00/1
Telefaks: 22 24 27 86
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
www.publikasjoner.dep.no

Andre kan tinge frå Akademika
Avdeling for offentlige publikasjoner
Postboks 8134 Dep, 0033 Oslo
Telefon: 800 80 960
E-post: offpubl@akademika.no

ISBN 978-82-8229-039-5

Forsideillustrasjon: Lars Tothammer
Foto: Ilja Hendel og Riksrevisjonen

Riksrevisjonens melding om verksemda i 2008

Dokument nr. 2 (2008–2009)

Til Stortinget

Med dette legg Riksrevisjonen fram Dokument nr. 2 (2008–2009) *Riksrevisjonens melding om verksemda i 2008*.

Oppgåver og rapportering

Riksrevisjonen skal bidra til at midla og verdiane til fellesskapet blir brukte og forvalta slik Stortinget har bestemt. Det blir gjort gjennom revisjon, kontroll og rettleiing. Resultatet av revisjonen blir rapportert til Stortinget gjennom Dokument nr. 1 og Dokument nr. 3-serien.

I Dokument nr. 1 (2008–2009) blei det blant anna peikt på at handhevinga av innkjøpsregelverket framleis er eit gjennomgåande problem i staten. Riksrevisjonen har derfor sett i gang ein forvaltningsrevisjon for å kartlegge og vurdere årsaka til at regelverket i så mange tilfelle ikkje blir følgt.

Det har blitt gjennomført forvaltningsrevisjonar på vesentlege område under dei fleste departementa. I 2008 sende Riksrevisjonen 18 revisjonsrapportar i Dokument nr. 3-serien til Stortinget. Målet med revisjonane er å bidra til ei betre forvaltning. På bakgrunn av oppfølgingsundersøkingane våre og kommunikasjonen med forvaltninga elles er hovudinntrykket vårt at forvaltninga i stor grad set i gang tiltak på grunnlag av revisjonsrapportane frå Riksrevisjonen.

Fokus på misleghald

Riksrevisjonen har styrkt innsatsen for å førebyggje og avdekkje misleghald og korrupsjon i offentleg forvaltning. Vi har blant anna etablert ein elektronisk tipskanal som allmenta kan bruke, og risikoen for misleghald skal vurderast og dokumenterast når revisjonen blir planlagt og gjennomført. Riksrevisjonen har etablert eit nært samarbeid med Økokrim. Vi ønskjer også å etablere tilsvarande samarbeid med andre kontrollinstansar i forvaltninga for å styrkje arbeidet med å førebyggje og avdekkje misleghald.

Større omfang i bistandsarbeidet

Riksrevisjonen har vidareutvikla samarbeidet med riksrevisjonane i Serbia, Malawi, Zambia, Nepal og Mongolia. Dette er eit viktig arbeid for den demokratiske utviklinga i desse landa, men utviklings-samarbeidet er ressurskrevjande.

Personalpolitikk

For å lykkast i arbeidet vårt er vi heilt avhengige av å rekruttere og halde på kompetente medarbeidarar. Riksrevisjonen har lagt vekt på tiltak for å betre arbeidsmiljøet generelt og tiltak som kan bidra til at medarbeidarar blir hos oss lenger. Det har blant anna blitt etablert ein ny seniorpolitikk med gunstige ordningar for å få tilsette til å vere lenger i jobb. Alle tilsette har også fått høve til å delta i eit karriereutviklingsprogram. Bemanninga ved regionkontora har blitt styrkt for å sikre større fagmiljø og eit godt arbeidsmiljø utanfor Oslo òg. Det er målet vårt at desse ulike tiltaka på sikt skal bidra endå meir til å styrkje tilgangen på kompetent arbeidskraft i Riksrevisjonen.

Riksrevisjonen, 28. april 2009

For riksrevisorkollegiet

Jørgen Kosmo
riksrevisor

Innhold

1	Rammevilkåra til Riksrevisjonen	7
2	Utviklingstrekk i forvaltninga som har noko å seie for Riksrevisjonen	8
3	Revisjonsaktivitetar	10
4	Utviklingssamarbeid med riksrevisjonar i andre land	14
5	Andre internasjonale aktivitetar	15
6	Organisering, ressursfordeling og personale	18
7	Administrasjon og interne aktivitetar	23
8	Budsjett og rekneskap for Riksrevisjonen for 2008	25
Vedlegg 1:	Organisasjonskart for Riksrevisjonen per 31. desember 2008	26
Vedlegg 2:	Lokalisering av medarbeidarane i Riksrevisjonen per 31. desember 2008	27
Vedlegg 3:	Rapportering frå Riksrevisjonen til Stortinget i 2008	28
Vedlegg 5:	Forvaltningsrevisjonar som er i gang, og som held fram i 2009	29
Vedlegg 5:	Samarbeidserklæring (MoU) mellom Riksrevisjonen og Utenriksdepartementet vedrørende Riksrevisjonens utviklingssamarbeid med riksrevisjoner i utviklingsland og i samarbeidsland i Øst- og Sentral-Europa	30
Vedlegg 6:	Orientering om INTOSAI Development Initiative – IDI	32

1 Rammevilkåra til Riksrevisjonen

Rammevilkåra går fram av lov og instruks om Riksrevisjonens verksemd (riksrevisjonslova av 7. mai 2004 nr. 21 og instruks om Riksrevisjonens verksemd av 11. mars 2004). Riksrevisjonen skal gjennom revisjon, kontroll og rettleiing bidra til at inntektene til staten blir betalte som føreset, og at midlane og verdiane til staten blir brukte og forvalta på ein økonomisk forsvarleg måte og i samsvar med vedtaka og føresetnadene til Stortinget, jf. riksrevisjonslova § 1.

Revisjonen skal vere kompetent, uavhengig og objektiv. Det er viktig med høgt fagleg nivå og tillit i samfunnet. Internt blir det lagt vekt på lagånd, openheit og respekt for å oppnå gode resultat.

Revisjonen skal planleggjast, gjennomførast og rapporterast slik lov, instruks og god revisjonsskikk i Riksrevisjonen krev. Revisjonsstandardane til Riksrevisjonen tek sikte på å gi omgrepet "god revisjonsskikk i Riksrevisjonen" eit innhald. Revisjonsstandardane er baserte på standardane til INTOSAI (International Organization of Supreme Audit Institutions) for statleg revisjon i tillegg til andre nasjonale og internasjonale revisjonsstandardar.

Krava til revisjonsarbeidet som er gitt i lov, instruks og revisjonsstandardane, er konkretiserte i generelle retningslinjer og retningslinjer for dei einskilde revisjonstypene. Retningslinjene beskriv korleis revisjonsarbeidet skal gjennomførast.

Riksrevisjonens oppgåver er

- å revidere statsrekneskapen og alle rekneskapane som er lagde fram av statlege verksemdar og andre styresmakter som er rekneskapspliktige overfor staten, inkludert forvaltningsbedrifter, forvaltningsorgan med særskilde fullmakter, statlege fond og andre organ eller verksemdar der dette er fastsett i særleg lov (rekneskapsrevisjon)
- å gjennomføre systematiske undersøkingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå vedtaka og føresetnadene til Stortinget (forvaltningsrevisjon)
- å kontrollere forvaltninga av interessene til staten i selskap m.m. (selskapskontroll)
- å bidra til å førebyggje og avdekkje misleghald og feil gjennom revisjonen
- å rettleie forvaltninga for å førebyggje framtidige feil og manglar

Riksrevisjonen kan også etter avtale ta på seg revisjons-, kontroll- eller bistandsoppdrag internasjonalt.

Stortinget kan påleggje Riksrevisjonen å setje i gang særlege undersøkingar.

2 Utviklingstrekk i forvaltninga som har noko å seie for Riksrevisjonen

Statlege velferdsordningar

Dei siste ti åra har det vore ein sterk auke både i dekningsgrad og ressursbruk per brukar av dei offentleg finansierte velferdsordningane.

I Perspektivmeldinga for 2009, jf. St.meld. nr. 9 (2008–2009), kjem det fram at etterspørselen etter utdanning, helse og andre viktige tenester framleis kjem til å auke i åra framover. Det kan skape utfordringar for offentleg finansiering. I Perspektivmeldinga blir det understreka kor viktig det er at det framleis er høgt trykk når det gjeld effektivitet i offentleg tenesteproduksjon. Sidan 2000 har det vore gjennomført ei rekkje store reformer i forvaltninga, blant anna for å betre kostnadseffektiviteten. Gjennom revisjonane har Riksrevisjonen følgd opp tiltak som er sette i gang, og dei vil vere hovudfokus i det framtidige revisjonsarbeidet.

NAV-reforma

Arbeids- og velferdsetaten, som driv NAV, blei etablert 1. juli 2006. Hovudmåla med NAV-reforma er å få fleire i arbeid og aktivitet og dermed færre på stønad, gjere det enklare for brukarane ved at dei kan vende seg til eitt kontor, tilpasse tenestene etter brukarbehova og skape ei heilskapleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning. I 2006 opna dei første NAV-kontora, og innan 2010 skal det etablerast 460 kontor over heile landet slik at alle i den norske befolkninga har tilgang til eit NAV-kontor. Erfaringar med reforma så langt viser at ho er svært krevjande. Riksrevisjonen vil derfor spesielt rette merksemda mot oppgåveløysing og måloppnåing i NAV.

Helseføretaka

Prognosane til dei regionale helseføretaka synte eit samla underskot på 900 mill. kroner hausten 2008, samanlikna med resultatkrava til eigaren. Likviditeten til helseføretaka har gjennom fleire år blitt svekka som følge av underskot og høge pensjonspremieinnbetalingar. Grunna den stramme likviditetssituasjonen og for å lette omstillingsutfordringane, blei basistilskota auka med 500 mill. kroner i desember 2008, jf. Innst. S. nr. 122 (2008–2009) og St.prp. nr. 13 (2008–2009). Økonomi og økonomistyring i helseføretaka har lenge vore eit prioritert område

i Riksrevisjonens kontroll, og det kjem det også til å vere framover.

Forvaltningsreforma

Forvaltningsreforma skal gjennomførast frå 1. januar 2010, jf. Ot.prp. nr. 10 (2008–2009). Reforma skal bidra til eit forsterka folkestyre og demokrati på lokalt og regionalt nivå. Det skal skje gjennom desentralisering av makt og myndigheit og ei klar ansvarsdeling mellom forvaltningsnivåa. Det blir lagt opp til ei meir samordna og effektiv offentleg forvaltning. Ein skal sjå fleire sektorar i samanheng innanfor den ein-skilde regionen, og det blir lagt opp til ei meir effektiv ivaretaking av nasjonale mål, som for eksempel likeverdige tenestetilbod og rettstryggleik for den ein-skilde. Reforma kjem truleg til å få noko å seie for revisjonsansvaret til Riksrevisjonen, for eksempel ved endra oppgåvefordeling mellom stat og kommune. Reforma understrekar kor viktig det er å halde oppe ein offentleg revisjon for å sikre god offentleg forvaltning.

Finanskrisa – tiltakspakkar

Det er vedteke fleire endringar i statsbudsjettet for 2009 for å dempe verknadene som den internasjonale finansuroa har for norsk økonomi. Det er vedteke tiltak for 20 mrd. kroner. Av dette er i underkant av 17 mrd. kroner tiltak på utgiftssida i statsbudsjettet, og godt og vel 3 mrd. kroner er målretta skattelette for næringslivet. Dei ulike tiltaka inneber at det blir sprøyta inn rikelege økonomiske midlar til å setje i gang planlagde investeringar, særleg innanfor bygg og anlegg og ekstraordinære vedlikeholdstiltak. Det er også gitt økonomisk støtte til bankane.

Det er også vedteke å etablere to nye fond (Statens finansfond og Statens obligasjonsfond) med ein kapital på 50 mrd. kroner kvar. Fonda skal gjere det lettare for bedrifter og hushald å få tilgang til lån og dermed bidra til å stabilisere finansmarknaden. Statens finansfond blir ein eigen institusjon og skal styrkje kjernekapitaldekninga i bankane slik at dei kan møte svakare konjunkturar og styrkje konkurransekrafta. Statens obligasjonsfond skal bidra til at bedriftene kan hente finansiering, ikkje berre direkte frå bankane, men også i ein styrkt

obligasjonsmarknad. Statens obligasjonsfond skal forvaltast av Folketrygdfondet.

Som følge av finanskrisa har overvakingsorganet til EFTA (ESA) opna for utvida bruk av haste-prosedyren ved avgrensa anbodskonkurransar. Det inneber at tida frå kunngjering av konkurranse til signering av kontrakt kan reduserast frå 80 til 30 dagar.

Riksrevisjonen vil gjennom revisjonen følgje opp dei ulike tiltakspakkane.

Statens pensjonsfond – Utland (SPU)

Forvaltningskapitalen i Statens pensjonsfond – Utland (SPU) har auka frå om lag 170 mrd. kroner i 1998 til 2275 mrd. kroner ved utgangen av 2008. Forvaltninga har etter kvart inkludert fleire nye finansielle instrument, marknader og land. I 2007 auka aksjeandelen frå 40 til 60 prosent, og aksjar i små selskap blei inkluderte. Ifølgje St.meld. nr. 16 (2007–2008) vil eigedomsinvesteringar også bli inkluderte med inntil 5 prosent av kapitalen i fondet.

Storleiken på og kompleksiteten knytt til fondet har ført til ein auka revisjon av fondet. Dei forholda som er nemnde og utviklinga i finansmarknaden den siste tida, understrekar endå meir behovet for betre kontroll og heilskapleg revisjon av SPU.

Miljø- og klimautfordringar

I dag er klimaendringar, tap av naturmangfald og spreing av miljøgifter dei tre største globale trugsmåla mot ei miljømessig berekraftig utvikling. Klimaproblemet krev omfattande tiltak i alle land. Frå mange hald har det vore understreka at det berre vil vere mogleg å handtere utfordringane gjennom ein omfattande internasjonal klimaavtale som omfattar flest mogleg sektorar og land. Derfor blir det no arbeidd med å utforme ein ny internasjonal avtale under klimakonvensjonen til FN, og parallelt blir det forhandla om ei vidareføring av Kyotoavtalen.

I statsbudsjettet for 2009 er det vedteke ei kraftig satsing på klimarelaterte tiltak. Det gjeld særleg jernbane og annan kollektivtrafikk, fangst og lagring av CO₂, forskning på fornybar energi, tiltak mot avskoging i fattige land, klimainformasjon og overvaking.

Riksrevisjonen ser det som eit prioritert område å bidra til ei betre global miljøforvaltning. Dette skal skje ved å delta i oppbygginga av ei felles,

fagleg plattform for miljørevisjon gjennom internasjonalt samarbeid. Riksrevisjonen har også i revisjonen retta blikket mot nasjonale miljøtiltak.

Offentlege innkjøp

Brot på regelverket for offentlege innkjøp har lenge vore eit gjennomgåande problem i staten, og gjennom fleire år er det rapportert til Stortinget om dette i Dokument nr. 1. Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi), som blei oppretta 1. januar 2008, har no som ei offentlig prioritert oppgåve å leggje til rette for samfunns-tenlege, kostnadseffektive og kvalitetsretta offentlege innkjøp. Difi har blant anna fått ansvaret for å følgje opp Handlingsplanen for samfunns- og miljøansvar i offentlege innkjøp. Det er også vedteke eit nytt EU-direktiv som skal styrkje handhevinga av regelverket om offentlege innkjøp. Det nye EU-direktivet vil blant anna gjere det lettare for leverandørar som ikkje har nådd opp i konkurransen, å sikre rettane sine før offentlege kontraktar blir inngått. Direktivet tek særleg sikte på å kjempe mot ulovlege direkte innkjøp. Det er sett ned eit utval som skal greie ut og tilrå korleis implementeringane av EU-direktivet skal gjerast i Noreg.

Det at regelverket for offentlege innkjøp blir følgt, er grunnleggjande for å sikre samfunns-tenlege og kostnadseffektive innkjøp og for å førebyggje misleghald. Riksrevisjonen gjennomfører no ein forvaltningsrevisjon om innkjøpsprosessen i departement og verksemder for å kartleggje og vurdere årsakene til at regelverket i så mange tilfelle ikkje blir følgt. Riksrevisjonen kjem framleis til å følgje opp dette området i den årlege revisjonen.

3 Revisjonsaktivitetar

3.1 Generelt

Revisjonsaktivitetane er inndelte i rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Desse revisjonstypane skal utfylle kvarandre slik at den samla revisjonen både blir heilskapleg og mest mogleg målretta og effektiv. For å bidra til dette har Riksrevisjonen etablert eit system for årleg utarbeiding av ei felles overordna risikovurdering for kvart departement med underliggjande verksemder. Risikovurderingane blir gjennomgått i møte med departementa. Systemet for dei overordna risikovurderingane har blitt utvikla vidare i 2008, jf. kapittel 3.5.

Riksrevisjonen har hatt ein god dialog med departementa og dei reviderte verksemdene om sakene som har blitt behandla.

Dokument nr. 1 er den årlege rapporten frå Riksrevisjonen til Stortinget, og i 2008 omfatta rapporten både resultatata av rekneskapsrevisjonen og selskapskontrollen. Planåret til Riksrevisjonen går frå 1. mai til 30. april. Verksemdene får avsluttande revisjonsbrev innan 31. mai året etter rekneskapsåret. Dokument nr. 1 blir lagt fram for Stortinget når Stortinget kjem saman i byrjinga av oktober.

Forvaltningsrevisjonar blir sende fortløpande til Stortinget som saker i Dokument nr. 3-serien. Alle forvaltningsrevisjonar som er behandla i Stortinget, blir følgde opp, og resultatata av denne oppfølginga blir presenterte for Stortinget i Dokument nr. 3:1.

I vedlegg 3 finst det ei oversikt over alle rapportane som Riksrevisjonen har sendt til Stortinget i 2008.

Ved behandlinga av Riksrevisjonens årlege melding om verksemda har Stortinget dei siste par åra signalisert eit ønskje om at Riksrevisjonen skal "medverka til auka reell språkleg jamstilling". Riksrevisjonen har merkt seg dette. I 2008 var tre av rapportane som blei sende til Stortinget, på nynorsk.

3.2 Rekneskapsrevisjon

For rekneskapsåret 2007 omfatta rekneskapsrevisjonen til Riksrevisjonen 230 statlege verksemder, inkludert einskilde særlovselskap. Riksrevisjonen har sendt 208 avsluttande revisjonsbrev utan merknader og 22 avsluttande revisjonsbrev med merknader. Merknadene var knytte til rekneskapen som var lagt fram og/eller gjennomføringa av dispensasjonane som låg til grunn for rekneskapen. Til samanlikning blei det gitt 19 revisjonsbrev med merknader for rekneskapsåret 2006.

Vidare blei det gitt revisjonsberetning til sju nordiske verksemder og FN-sambandet. Etter avtale reviderer Riksrevisjonen bruk av fylkesvegsmidlar som blir rekneskapsførte av Statens vegvesen, og det er sendt oppsummeringsbrev til 18 fylkesrevisjonar om resultatet av kontrollen. Riksrevisjonen reviderer også dei kommunevise skatterekneskapane, som er delrekneskapar til den samla rekneskapen til Skatteetaten.

Resultatet av kontrollen blei rapportert til Stortinget i Dokument nr. 1 (2008–2009).

Innhaldet i rekneskapsrevisjonen

Ved revisjon av rekneskapane skal Riksrevisjonen kontrollere om rekneskapen gir eit riktig bilete av den økonomiske verksemda, inkludert

- a) stadfeste at rekneskapane ikkje inneheld vesentlege feil og manglar
- b) kontrollere om dei disposisjonane som ligg til grunn for rekneskapen, er i samsvar med vedtaka og føresetnadene til Stortinget og gjeldande regelverk, og om disposisjonane er akseptable ut frå normer og standardar for statleg økonomiforvaltning



Foto: Ilja Hendel

3.3 Selskapskontroll

Selskapskontrollen omfatta 42 heilátte og 41 delátte aksjeselskap, 4 regionale helseføretak, 6 statsføretak, 4 verksemder organiserte ved særskild lov og 26 studentsamskipnader.

Resultatet av kontrollen blei rapportert til Stortinget i Dokument nr. 1 (2008–2009). Ved behandling i Stortinget viste kontroll- og konstitusjonskomiteen til at Riksrevisjonen har opplyst at den vurderer å fremme resultatet av selskapskontrollen som ei eiga sak til Stortinget.¹ Komiteen uttalte at dei såg positivt på dette. Riksrevisjonen har derfor sett i verk arbeidet for å kunne rapportere resultatet av selskapskontrollen som ei eiga sak hausten 2009.

Innhaldet i selskapskontrollen

Gjennom selskapskontrollen vurderer Riksrevisjonen bl.a. om interessene til staten i selskap m.m. er forvalta i samsvar med vedtaka og føresetnadene til Stortinget. På bakgrunn av dei vurderingane Riksrevisjonen gjer når det gjeld risiko og kva som er vesentleg, skal kontrollen kaste lys over forhold som har samfunnsmessig eller prinsipielt mykje å seie. Kontrollen blir utført ut frå desse kontrollperspektiva:

- om vedtaka og føresetnadene til Stortinget blir følgde
- ivaretaking av samfunnsmessig ansvar og sektorpolitiske mål
- effektiv og økonomisk forsvarleg drift
- korrekt informasjon til Stortinget og Riksrevisjonen

3.4 Forvaltningsrevisjon

I 2008 blei 17 forvaltningsrevisjonar og ein rapport om oppfølginga av tidlegare rapporterte forvaltningsrevisjonar sende over til Stortinget. Ei oversikt over desse rapportane ligg ved som vedlegg 3.

Av forvaltningsrevisjonar som har komme i gang, blir 26 førte vidare i 2009. Ei oversikt over desse ligg ved som vedlegg 4.

I 2008 blei revisjonen *Departementenes styring av statlige selskaper i et komparativt perspektiv* avslutta etter foranalyse. Funna i foranalysen kjem til å bli følgde opp i selskapskontrollen under dei aktuelle departementa.

Oppfølginga av ti forvaltningsrevisjonar som tidlegare er behandla av Stortinget, er omtala i Dokument nr. 3:1 (2008–2009). *Riksrevisjonens undersøkelse av bærekraftig bruk av reinbeiteressursene i Finnmark*, Dokument nr. 3:12 (2003–2004), og *Riksrevisjonens undersøkelse av Norges forskningsråds handlingsrettede programmer*, Dokument nr. 3:6 (2004–2005), blir følgde opp vidare, mens resten er avslutta.

Innhaldet i forvaltningsrevisjonen

Gjennom systematiske undersøkingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå vedtaka og føresetnadene til Stortinget skal Riksrevisjonen gi relevant informasjon om iverksetjing og verknader av offentlege tiltak o.l., inkludert

- a) om forvaltninga bruker ressursar til å løyse oppgåver som samsvarer med vedtaka og føresetnadene til Stortinget
- b) om ressursbruken og verkemidla til forvaltninga er effektive og i samsvar med dei måla som Stortinget har fastsett på området
- c) om regelverk som er fastsett av Stortinget, blir følgd
- d) om styringsverktøy, verkemiddel og regelverket til forvaltninga er effektive og føremålstenlege for å følgje opp vedtaka og føresetnadene til Stortinget
- e) om avgjerdsgrunnlaget frå regjeringa til Stortinget er tilstrekkeleg
- f) om forvaltninga gjennomfører vedteken miljøpolitikk slik at prinsippet om berekraftig utvikling og god forvaltning av naturressursar blir følgd

1) Jf. Innst. S. nr. 120 (2008–2009).

3.5 Metodeutvikling

Overordna vurderingar av risiko og kva som er vesentleg for kvart departementsområde skal liggje til grunn for korleis ressursane i revisjonen blir prioriterte. Føremålet med vurderingane er å kunne styre revisjonsinnsatsen dit risikoen er størst. Arbeidet med å gjennomføre risikoanalysar er under utvikling. For 2008 er det lagt vekt på at planleggingsprosessane også fangar opp risiko-faktorar som går på tvers av departements-områda, som f.eks. IKT i forvaltninga, innkjøp og miljø.

Som støtte i revisjonsarbeidet er det utvikla kurs og rettleiingar i blant anna

- revisjon av styring, måloppnåing og resultat
- risikoanalyse for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll
- rapportskriving i forvaltningsrevisjon
- revisjonskriterium og dokumentanalyse
- intervjuteknikk

Riksrevisjonen har etablert kompetansegrupper på tvers av revisjonsformer for mål- og resultatstyring, IKT, innkjøp og misleghald. Kompetansegruppene blei etablerte for å sikre ei systematisk oppbygging og kompetansedeling innanfor faglege kjerneområde.

Riksrevisjonen har også starta arbeidet med å revidere retningslinjene for selskapskontrollen. Ein må elles sjå metodeutviklingsarbeidet i samanheng med utviklinga i relevante nasjonale og internasjonale fagmiljø. Riksrevisjonen har blant anna bidrege med å utarbeide nye internasjonale retningslinjer for rekneskapsrevisjon i offentleg sektor. I regi av INTOSAI går det føre seg eit arbeid med felles rammeverk for standardar for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon som skal vere avslutta innan 2010. Riksrevisjonen har byrja arbeidet med å implementere dei nye standardane og greie ut kva konsekvensar det vil få for metodikken og revisjonsverktøyet til Riksrevisjonen.

Internt i organisasjonen er det sett i gang eit prosjekt som skal ta stilling til behovet for eit nytt revisjonsverktøy og utarbeide ein kravspesifikasjon for dette verktøyet. I tillegg er det sett i gang eit arbeid for å utdjupe, konkretisere og vidareutvikle innhaldet i kontroll av disposisjonane.

3.6 Evaluering av Dokument nr. 1

Det har blitt gjennomført ei intern evaluering knytt til prosess, utforming og innhald i Dokument nr. 1. I utgreiingane har Riksrevisjonen i større grad enn tidlegare gjort ei tydeleg vurdering av substansen i svaret frå departementa, og det er gjennomgåande lagt vekt på konsekvensar av feil og manglar.

Riksrevisjonen vil framleis arbeide med å forbetre Dokument nr. 1 gjennom å styrkje dei interne revisjonsfaglege prosessane og den risikobaserte mål- og resultatstyringa.

3.7 Intern kvalitetskontroll

Det er utvikla retningslinjer for kvalitetskontroll av forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og rekneskapsrevisjon. Desse kontrollane blir gjennomførte årleg og skal sikre at revisjonane har følgt metodikken og den nødvendige kvaliteten til Riksrevisjonen. Resultatet av kvalitetskontrollen blir rapportert til leiinga i Riksrevisjonen.

I 2008 blei åtte rekneskapsrevisjonsoppdrag kontrollerte. Det var ei betring i kvaliteten samanlikna med den førre kontrollen, men i nokre revisjonar burde det ha vore gjennomført fleire revisjonshandlingar, og i einskilde tilfelle burde revisjonsprosessen ha vore betre dokumentert. Rapporten frå kvalitetskontrollen er følgd opp med konkrete tiltak.

3.8 Misleghald

Gjennom revisjonen skal Riksrevisjonen bidra til å førebyggje og avdekkje misleghald og feil, jf. lov om Riksrevisjonen § 9. På departementsområda er det utarbeidd egne retningslinjer om førebygging og avdekking av misleghald. Riksrevisjonen kontrollerer også og gir råd knytt til det ansvaret kvar einskild verksemd har for å førebyggje og avdekkje misleghald.

Riksrevisjonen har etablert ei intern kompetansegruppe for misleghald, der representantar for alle revisjonstypene deltek. Kompetansegruppa har ansvar for å drive langsiktig kompetanseoppbygging og samtidig hjelpe til i revisjonen. Ved å utveksle erfaringar etter gjennomførte revisjonar skal gruppa også bidra til å utvikle metodikk og nye verktøy på dette området.

Hausten 2008 blei det oppretta ein elektronisk tipskanal på nettstaden til Riksrevisjonen, der Riksrevisjonen tek imot informasjon om moglege misleghald i statsforvaltninga. Så langt har det komme inn få tips om konkrete forhold som indikerer mistankar om misleghald i forvaltninga.

3.9 Kommunikasjon med reviderte verksemder

Riksrevisjonen legg vekt på at kommunikasjonen med reviderte verksemder skal vere god gjennom heile revisjonsprosessen. Det blir gjennomført kontaktmøte mellom Riksrevisjonen og departementa/verksemdene, der blant anna revisjonsfunn, risikovurderingar og planar for det kommande revisjonsåret blir gjennomgått. Dette gir leiinga i dei ulike verksemdene betre forståing av revisorarbeidet. Ansvar for leiinga for styring og kontroll blir understreka. Møta gir også Riksrevisjonen nyttige innspel til revisjonsarbeidet, og revisorane får betre kunnskap om oppgåvene til verksemdene og korleis dei kan løysast.

Riksrevisjonen rettleier reviderte verksemder både i den løpande revisjonen og ved å delta som observatør i aktuelle utviklingsprosjekt i forvaltninga.

3.10 Undervisning, føredragsverksemd, seminar o.l.

Tilsette i Riksrevisjonen har delteke i oppdrag knytte til undervisning (internt og eksternt) og føredragsverksemd (blant anna for forvaltninga, organisasjonar og andre revisormiljø og på førespurnader frå eksterne kursarrangørar). Dei har blant anna undervist ved det høgare revisorstudiet ved Norges Handelshøyskole, studiet for operasjonell og administrativ kvalitetssikring ved BI og på einsskilde høgskolar. På denne måten blir kunnskapen og innsikta til Riksrevisjonen formidla utetter. Dette bidreg også til å gjere Riksrevisjonen kjend i utdanningsmiljø som er relevante i rekrutteringssamanheng.

Hausten 2008 var Riksrevisjonen, saman med Norges Kommunerevisorforbund og Norges Interne Revisorers Forening (NIRF), medarrangør av den årlege fagkonferansen om offentleg revisjon.

4 Utviklingssamarbeid med riksrevisjonar i andre land

I 2008 har det blitt laga ei handbok som skal bidra til å sikre at utviklingssamarbeidet i Riksrevisjonen held høg kvalitet, er føreseieleg og etterretteleg. Prosjektporteføljen er utvida, og arbeidet med å integrere utviklingssamarbeidet i Riksrevisjonen har halde fram.

To intensjonsavtalar (MoU) blei underskrivne med riksrevisjonane i Serbia og Nepal. Avtalane har ei brei institusjonell tilnærming med eit fem års perspektiv. Riksrevisjonen har dermed institusjonelt samarbeid med riksrevisjonane i Malawi, Zambia, Mongolia, Serbia og Nepal.

Sidan august 2008 har Riksrevisjonen stasjonert ein norsk langtidsrådgivar i Malawi som skal støtte den institusjonelle utviklinga av den malawiske riksrevisjonen. Sidan januar 2009 har ein norsk langtidsrådgivar vore på plass i Zambia for å støtte den zambiske riksrevisjonen med utvikling av forvaltningsrevisjon.

I 2008 har det blitt gjennomført aktivitetar i samarbeidsinstitusjonane knytte til

- institusjonsutvikling
- utvikling av rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon
- utvikling av administrative funksjonar som IKT og arkiv
- leiaropplæring
- rolla til parlamenta i samband med oppfølging av revisjonsrapportar

Hausten 2008 arrangerte Riksrevisjonen Internasjonal uke i Oslo med representantar frå

riksrevisjonane i samarbeidslanda. Føremålet med arrangementet var å diskutere felles problemstillingar, ha faglege fordjupingar i aktuelle tema og spreie informasjon om utviklingssamarbeidet til andre medarbeidarar i Riksrevisjonen.

Som ein del av arbeidet med å integrere utviklingssamarbeidet internt i Riksrevisjonen er Pool av Internasjonalt Aktive (PIA) blitt etablert. Målet med PIA er å få oversikt over ressurspersonar i Riksrevisjonen som kan ta på seg både korttids- og langtidsoppdrag i utviklingsprosjekta til Riksrevisjonen og å gi denne gruppa av medarbeidarar meir motivasjon til og kompetanse og kunnskap om utviklingsarbeid. I 2008 blei det utvikla og starta eit kompetanseutviklingsprogram som skal bidra til at fleire av dei tilsette i Riksrevisjonen skal få den nødvendige kompetansen for å engasjere seg i utviklingsprosjekta. Ved utgangen av 2008 hadde nettverket 84 medlemmer.

I tråd med intensjonsavtalen² som er inngått mellom Riksrevisjonen og Utanriksdepartementet, blei det halde to samarbeidsmøte i 2008. Målet med møta var å utveksle informasjon om aktivitetar innanfor utviklingssamarbeidet til Riksrevisjonen.

Utviklingssamarbeidet til Riksrevisjonen skal vere tett kopla til arbeidet som IDI (INTOSAI Development Initiative, som er samlokalisert med Riksrevisjonen) gjer når det gjeld å bygge kapasitet i riksrevisjonane på regional basis. Det har blitt utvikla gode samarbeidsrelasjonar med IDI i 2008, og dette samarbeidet skal framleis styrkjast framover. I vedlegg 6 er ei orientering om IDI.

Kostnadene som er knytte til Riksrevisjonens utviklingsarbeid, blir rapporterte inn som bistandsmidlar (DAC-midlar) til OECD via NORAD. I 2008 blei det rapportert inn 6 536 600 kroner som DAC-midlar.



Foto: Riksrevisjonen

2) Sjå vedlegg 5.

5 Andre internasjonale aktiviteter

5.1 Internasjonale revisjonsoppdrag

Riksrevisjonen var i 2008 involvert i revisjonen av sju internasjonale organisasjonar. Revisjonen har vore utført i tråd med dei etablerte retningslinjene for oppdrag som Riksrevisjonen har som ekstern revisor. Revisor har utarbeidd årsrapport om ressursbruk, erfaringar og funn til leiinga i Riksrevisjonen.

Riksrevisjonen hadde desse revisjonsoppdraga i 2008:

- International Organization for Migration (IOM)
- European Space Agency (ESA)
- EUMETSAT
- EFTA, EFTA Surveillance Authority (ESA), EFTA Court
- Interparlamentarisk union (IPU)
- Organisasjonen for sikkerheit og samarbeid i Europa (OSSE)
- European Molecular Biology Laboratory (EMBL), European Molecular Biology Conference (EMBC) og European Molecular Biology Organization (EMBO)

5.2 Fagfellevurdering

I 2007 starta Riksrevisjonen som ein del av to internasjonale team ei fagfellevurdering av Den europeiske revisjonsrett (ECA) i Luxembourg og den sveitsiske riksrevisjonen. Fagfellevurderinga av Den europeiske revisjonsretten blei slutført hausten 2008 og presentert for verksemda i desember 2008. Fagfellevurderinga av den sveitsiske riksrevisjonen er slutført ved årsskiftet 2008/2009 og overlevert til verksemda i januar 2009.

5.3 Deltaking i internasjonale møte og utviklingsprosjekt

INTOSAI og EUROSAI

Riksrevisjonen er medlem av INTOSAI (International Organization of Supreme Audit Institutions) og den regionale organisasjonen for Europa, EUROSAI (European Organisation of Supreme Audit Institutions). INTOSAI er etablert for å vere ein møteplass for utveksling av idear

og erfaringar mellom riksrevisjonar for å bidra til å fremme den faglege utviklinga av revisjonsfaget i offentleg revisjon. Riksrevisjonen er medlem av INTOSAI Governing Board og INTOSAI Finance and Administration Committee og møter som observatør til EUROSAI Governing Board.

Riksrevisjonen arbeider i komiteane og gruppene nedanfor:

INTOSAI

Standardkomiteen:

Gjennom arbeidet kjem Riksrevisjonen særleg til å vere pådrivar for arbeidet til INTOSAI med å utvikle retningslinjer for rekneskapsrevisjonen i offentleg sektor, harmonisert med standardane for privat revisjon (IFAC). Riksrevisjonen er også medlem av arbeidsgruppa i komiteen for forvaltningsrevisjon.

Komiteen for IT-revisjon:

Riksrevisjonen har blant anna hatt koordineringsansvar for eit delprosjekt knytt til revisjon av IKT-styring. Dei siste åra har merksemda særleg vore på e-forvaltning og IKT-leiing.

Arbeidsgruppa for miljørevisjon:

Riksrevisjonen deltek i arbeidsgruppa og i styringskomiteen for gruppa. Arbeidsgruppa skal bidra til at riksrevisjonane i verda får ei betre forståing av spesifikke tema som er relevante for miljørevisjonar. Gruppa skal leggje til rette for informasjons- og erfaringsutveksling og publisere rettleiingar eller anna informativt materiale på området. Noreg har teke på seg ansvaret med å lage ei INTOSAI-rettleiing som skal handle om revisjon av utsleppsreduksjonar og tilpassing til klimaendringane i industri- og utviklingsland.

Det har komme i gang ein forvaltningsrevisjon av måloppnåinga til styresmaktene i klimapolitikken. Arbeidet er ein del av satsinga til INTOSAI og blir leidd av Canada. 14 riksrevisjonar i alt deltek.

Arbeidsgruppa for privatisering, økonomiske reguleringar og offentleg privat partnerskap:

Bakgrunnen for etableringa av arbeidsgruppa var den stadig større rolla til privat sektor når det

gjeld tilbod om offentlege tenester, for eksempel elektrisitet og transport. Dei siste åra har det vore mindre merksemd kring tradisjonell privatisering og meir merksemd kring dei ulike rollene til dei private aktørane i løysinga av samfunnsmessige oppgåver, blant anna innanfor finanssektoren, helse- og omsorgssektoren og når det gjeld overvaking av økonomiske reguleringar.

Arbeidsgruppa for kapasitetsbygging av riksrevisjonar:

Riksrevisjonen blei medlem av denne gruppa i 2006 for å styrkje eigen kompetanse i samband med etablering av ei eining for utviklingssamarbeid og kapasitetsbygging i Riksrevisjonen. Gruppa har utvikla ei rettleiing for korleis ein best utviklar riksrevisjonar og stimulerer til større samordning av kapasitetsbyggingsaktivitetar mellom medlemmene i INTOSAI. Gruppa har også etablert ein database som skal gi oversikt over kva bistand dei ulike riksrevisjonane får, og kva ekstern assistanse frå søsterorganisasjonar eller andre donorar dei får.

Arbeidsgruppa for revisjon av katastrofehjelp:

Arbeidsgruppa blei etablert etter tsunami-katastrofen i Sørøst-Asia i 2004. På grunn av manglande nasjonal og internasjonal oversikt over pengane som blir tilbydde og utbetalte i samband med slike katastrofar, er det behov for å koordinere revisjonsarbeidet mellom fleire riksrevisjonar. Ifølgje mandatet skal gruppa levere to arbeidspakkar: 1) kartleggje ansvar og openheit og om hjelpa som blei gitt i samband med tsunamien, er sporbar og 2) bruke erfaringane frå blant anna pakke 1 til å utvikle ein god praksis og ei rettleiing for revisjon av katastrofehjelp som blir gitt.

Sekretariatet:

Sidan 2007 har ein ekspedisjonssjef i Riksrevisjonen tenestegjort som *Director of Strategic Planning* i INTOSAI-sekretariatet i Wien. Arbeidet består i å koordinere implementeringa og oppfølginga av den strategiske planen til INTOSAI. Vedkommande har permisjon frå ordnært arbeid fram til hausten 2010. Riksrevisjonen dekkjer lønn og kostnader i tenesteperioden.

EUROSAI

Arbeidsgruppa for miljørevisjon:

I juni 2008 overtok Riksrevisjonen oppgåva med å leie og vere sekretariat for arbeidsgruppa for miljørevisjon i den europeiske paraplyinstitusjonen for riksrevisjonar, EUROSAI. Det årlege møtet til gruppa blei halde i Ukraina, og hovud-

tema var klima, forvaltning av fiskeressursar og berekraftig energi. Gruppa vedtok nytt arbeidsprogram og ein ny organisatorisk struktur. Det er oppretta ein styringskomité som blir leidd av Riksrevisjonen, og som har representantar frå Den europeiske revisjonsretten og riksrevisjonane i Nederland, Russland, Slovenia, Sverige og Ukraina.

Arbeidsgruppa for IKT-revisjon:

Riksrevisjonen er representert i arbeidet til gruppa. Det har blant anna resultert i eit verktøy for eigenvurderingar (eigenvurdering av IKT-funksjonen i riksrevisjonar).

5.4 Besøk til og frå utlandet

I 2008 har Riksrevisjonen hatt delegasjonsbesøk av riksrevisjonar, nasjonalforsamlingar og organisasjonar frå mange land. Fleire medarbeidarar i Riksrevisjonen har delteke på konferansar og møte i regi av blant anna riksrevisjonane i andre land, EUROSAI og INTOSAI og vore på studiebesøk i utlandet.

5.5 Nordisk samarbeid

Det nordiske samarbeidet består av riksrevisjonane i Danmark, Finland, Færøyane, Island, Noreg og Sverige. Det er etablert fem konkrete former for samarbeid: årlege riksrevisormøte, årlege kontaktpersonmøte, nordiske arbeidsgrupper, nordiske seminar og hospitering. Representantar frå Riksrevisjonen har også delteke på det årlege nordisk-baltiske møtet. Riksrevisjonen deltek også i eit nettverk for informasjonseiningane i dei nordiske riksrevisjonane.

Det er gjennomført ein felles nordisk forvaltningsrevisjon. Målet med denne var å kaste lys over beredskapssamarbeidet i Norden ved eit eventuelt samanbrot i kraftsystemet som råkar mange menneske i to eller fleire land, jf. Dokument nr. 3:16 (2007–2008).

Det er etablert ei felles nordisk nettverksgruppe for revisjon av helsesektoren. Målet med gruppa er erfaringsutveksling, planlegging og design og eventuelt å samarbeide om revisjon av problemstillingar av same slag.

5.6 Anna revisjonssamarbeid

Forvaltning av fiskeressursane i Barentshavet og Norskehavet

I 2007 sluttførte den norske og russiske riksrevisjonen ein parallell revisjon av forvaltninga av fiskeressursane i Barentshavet og Norskehavet, jf. Dokument nr. 3:2 (2007–2008) *Riksrevisjonens undersøkelse av forvaltningen av fiskeressursene i Barentshavet og Norskehavet – en parallell revisjon mellom norsk og russisk riksrevisjon*. Samarbeidet har blitt følgt opp ved at det er inngått ein strategisk plan for treårsperioden 2008–2010, konkretisert i operative planar for kvart einskilt år. Avtalane føreset felles revisjonshandlingar i dei to landa. I 2008 blei blant andre den norske riksadvokaten, Kystvakta, Fiskeridirektoratet, Havforskningsinstituttet, den russiske riksadvokaten, Fiskerikomiteen, lokaladministrasjonen i Murmansk og relevante russiske forskingsinstitutt intervjuet.

HOAP (Harmonization in Overseas Audit Practice)

Dette er eit samarbeid mellom riksrevisjonane i ei rekkje givarland om rapportering og revisjon av støtte til bistandsprosjekt. HOAP har som mål å finne ei felles tilnærming til revisjon av bistandsmidlar. Riksrevisjonen leidde i 2008 ein felles skandinavisk revisjon av den generelle budsjettstøtta til Mosambik. Rapporten skal bli distribuert til riksrevisjonane i alle landa som deltek i budsjettstøtteprogrammet til Mosambik, Den europeiske revisjonsretten, Verdsbanken og Den afrikanske utviklingsbanken.

Revisjonssamarbeidet mellom einskilde land når det gjeld Joint Strike Fighter (JSF)

Hausten 2006 overtok Riksrevisjonen formannskapet for to år i det internasjonale revisjonssamarbeidet om utvikling og innkjøp av Joint Strike Fighter (JSF). I samband med det blei den fjerde JSF-konferansen halden i Oslo i september 2008.

6 Organisering, ressursfordeling og personale

6.1 Riksrevisorkollegiet

Den øvste leiinga i Riksrevisjonen er eit kollegium som består av fem riksrevisorar. Dei er valde av Stortinget for ein periode på fire år frå 1. januar 2006 til 31. desember 2009.

Kollegiet er sett saman slik:

Leiar:	Jørgen Kosmo
Varamedlem:	Brit Hoel
Nestleiar:	Jan L. Stub
Varamedlem:	Arve Lønnum
Medlem:	Annelise Høegh
Varamedlem:	Finn Kristian Marthinsen
Medlem:	Geir-Ketil Hansen
Varamedlem:	Morten Lund
Medlem:	Ranveig Frøiland
Varamedlem:	Nils Totland

Det blei halde 11 kollegiemøte i 2008.



Rekka bak: Ranveig Frøiland, Geir-Ketil Hansen og Jørgen Kosmo. Rekka fremst: Jan L. Stub og Annelise Høegh

6.2 Organisering og ressursfordeling

Riksrevisjonen er organisert med ei administrasjonsavdeling, fire rekneskapsrevisjonsavdelingar og to forvaltningsrevisjonsavdelingar. Organisasjonskart for Riksrevisjonen per 31. desember 2008 ligg ved som vedlegg 1.

Selskapskontrollen er organisert saman med forvaltningsrevisjonen. To revisjonsstøtteiningar arbeider med metodeutvikling og kvalitetskontroll for høvesvis rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon/selskapskontroll.


I 2008 blei det vedteke at Riksrevisjonen framleis skal vere organisert med regionkontor i Kristiansand, Stavanger, Bergen, Trondheim, Bodø, Tromsø og Hamar. Regionkontora skal vere bemanna slik at medarbeidarane har eit godt fagleg miljø som legg til rette for fagleg utvikling og teamarbeid. Medarbeidarane skal dermed få høve til å delta i prosjekt for både rekneskapsrevisjonen og forvaltningsrevisjonen.

Dei andre kontora utanfor Oslo blir avvikla ved naturleg avgang.

Figur 1 viser at 63,7 prosent av ressursane i 2008 blei brukt på revisjonsfaglege aktivitetar (64,5 prosent i 2007), 5,7 prosent på kompetanseutvikling (6 prosent i 2007) og 4,6 prosent på internasjonale aktivitetar (3,5 prosent i 2007). 26 prosent av ressursane (same som i 2007) blei brukt til administrasjon og andre støttefunksjonar (blant anna IKT, arkiv, bibliotek, reinhald, resepsjon og sentralbord).

Ressursfordelinga er relativt stabil frå år til år. På grunnlag av den auka satsinga på internasjonalt utviklingssamarbeid har det gått med nokre større ressursar til internasjonale aktivitetar.

Figur 1 Korleis ressursane har fordelt seg på dei ulike aktivitetane



Tabell 1 Revisjonsinnsatsen fordelt på dei ulike revisjonstypene i perioden 2003–2008

Revisjonstype	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Rekneskapsrevisjon	69 %	67 %	69 %	73 %	70 %	67,5 %
Forvaltningsrevisjon	26 %	28 %	26 %	23 %	26 %	28,8 %
Selskapskontroll	5 %	5 %	5 %	4 %	4 %	3,7 %

For 2009 er det planlagt å auke ressursane til selskapskontrollen.

6.3 Personalet

6.3.1 Personalsituasjonen

I 2008 hadde Riksrevisjonen tilsette tilsvarende 499 årsverk. Per 31. desember 2008 var 514 personar tilsette i verksemda. Av desse var 88 personar lokaliserte utanfor Oslo. Oversikta over

kvar medarbeidarane er lokaliserte ved utgangen av 2008, ligg ved som vedlegg 2.

Alderssamansetnaden blant dei tilsette i Riksrevisjonen har vore relativt stabil dei siste åra, sjå tabell 2.

6.3.2 Likestilling

Riksrevisjonen skal fremme likestilling mellom kvinner og menn i samsvar med intensjonane i likestillingslova, og det er utarbeidd ein eigen


Tabell 2 Alderssamansetnaden i Riksrevisjonen per 31.12.2008

Alder	2005	2006	2007	2008
Inntil 29	10,4 %	10,5 %	11,3 %	10,5 %
30–39	30,1 %	27,6 %	25,8 %	27,6 %
40–49	30,0 %	30,0 %	30,2 %	29,6 %
50–59	23,4 %	25,1 %	23,4 %	22,8 %
60 +	6,1 %	6,8 %	9,3 %	9,5 %
Sum	100 %	100 %	100 %	100 %

handlingsplan for likestilling. Forholda skal leggast til rette for reell likestilling på alle nivå. I samsvar med Hovudtariffavtalen i staten skal kvart kjønn vere representert med minst 40 prosent. Statistikk viser at kjønnsfordelinga tilfredsstillar krava til likestilling.

I 2008 viste fordelinga blant medarbeidarane at 55,1 prosent er kvinner. Fordelt på aldersgrupper er det størst prosentdel av kvinner i dei yngre gruppene.

Figur 2 Kjønnssamansetnad i aldersgrupper i Riksrevisjonen



I 2008 var kravet om 40 prosent representasjon av begge kjønn innfridd i toppleiargruppa og saksbehandlargruppa. I mellomleiargruppa er det 38,7 prosent kvinner, og det er framleis berre kvinner i gruppa førstesekretær/konsulent, 86 prosent kvinner blant reinhaldspersonalet og berre menn blant driftsteknikarane. Ved rekruttering er Riksrevisjonen merksam på kjønnsfordelinga i desse gruppene.

Lønnsforskjellen mellom kvinner og menn er nokså liten. I saksbehandlargruppene har kvinner høgare gjennomsnittsinntekt enn menn i stillingskodane førstekonsulent/seniorrådgivar, men menn har høgare gjennomsnittslønn enn kvinner i stillingskodane seniorrådgivar/underdirektør. Innanfor kvar stillingskode utgjer forskjellen 1–2 lønnssteg. Rådgivarar, som utgjer 23,7 prosent av medarbeidarane, hadde i 2008 ingen lønsmessig differanse. Størst forskjell er det i gruppa reinhald/drift, med ein differanse på 9,9 prosent.

Det er ein relativt større prosentdel kvinner som har redusert stilling (9,7 prosent kvinner og 4,8 prosent menn). Det er berre få medarbeidarar

som har varig redusert stilling. Stadig fleire menn tek ut ein fedrekvote på meir enn minimumskravet (6 veker) ved barnefødselar.

6.3.3 Kompetansen og kompetanseutviklinga til personalet

Det viktigaste fundamentet for verksemda til Riksrevisjonen er godt kvalifiserte medarbeidarar som har variert utdanningsbakgrunn. Riksrevisjonen satsar derfor bevisst på å rekruttere medarbeidarar med god kompetanse, og det blir satsa mykje på å leggje til rette for opplæring og utvikling slik at oppgåvene kan løysast på ein god måte. Den faglege bakgrunnen og kompetansen varierer, blant anna mellom revisjon, økonomi, jus og ulike samfunnsvitenskapar.




Foto: Ilja Hendel

Alle nye revisjonsmedarbeidarar som blir tilsette, startar på eit treårig opplæringsprogram innanfor den revisjonsforma dei arbeider med. Ut over opplæringstilbodet som følgjer desse programma, får dei tilsette tilbod om både interne og eksterne kurs. I 2008 blei det arrangert vel 60 interne kurs i Riksrevisjonen, fordelte på omlag 30 ulike tema.

Medarbeidarar som ikkje er omfatta av dei treårige opplæringsprogramma for nytilsette, skal

Figur 3 Kompetansesamansetnad i revisjonsavdelingane



kvart år gjennomføre minst 35 timar arbeidsrelaterte kompetanseutviklingstiltak. Målet med denne ordninga er å stimulere til og sikre regelmessig kompetanse og eiga utvikling.

I 2008 har alle medarbeidarane fått tilbod om å delta i eit opplegg for individuell karriereplanlegging, og mange har teke del i tilbodet. Hovudmålet med ordninga er å få til ei best mogleg tilpassing mellom måla og behov for oppgaveløysing som Riksrevisjonen har, og ønska, måla og behova for eiga utvikling som medarbeidarane har. I tillegg har det stått sentralt å stimulere til aktivt medarbeidarskap, der kvar einiskild viser initiativ og tek ansvar for eiga utvikling. Ordninga blei evaluert i februar 2009.

Alle medarbeidarane får oppfølging gjennom årlege medarbeidar- eller utviklingssamtalar.

Figur 3 viser formalkompetansen i revisjonsavdelingane ved utgangen av 1993, 1999, 2007 og 2008. Talet på medarbeidarar med høgare utdanning har auka sterkt desse åra.

Stipend

Kvart år gir Riksrevisjonen stipend til etter- og vidareutdanning. Ordninga er basert på søknad frå den einskilde. Utdanninga går hovudsakleg føre seg ved universitet og høgskolar innanfor relevante fagområde. Ved tildeling hausten 2008, som gjeld for studieåret 2009–2010, fekk 27 medarbeidarar stipend. Av dei var 14 seniorar

(over 45 år)³ og 14 kvinner. Desse 14 kvinnene fekk 39 prosent av midlane.

Hospitering

I 2008/2009 hospiterer éin medarbeidar hos den kanadiske riksrevisjonen. Vedkommande arbeider med forvaltningsrevisjon og metodiske spørsmål. Ein annan medarbeidar hospiterte ein kortare periode hos den kinesiske riksrevisjonen.

Riksrevisjonen har eit mål om å auke den interne mobiliteten. Fleire medarbeidarar hospiterte derfor i korte/lengre periodar i andre seksjonar/avdelingar enn dei var administrativt knytte til. Det fører til større kompetanse og betre kjennskap til dei ulike revisjonstypane.

6.3.4 Arbeidsmiljø

Evaluering av tidlegare gjennomført arbeidsmiljøundersøking

I 2006 gjennomførte Riksrevisjonen ei omfattande arbeidsmiljøundersøking. I 2008 blei det evaluert korleis medarbeidarane opplevde prosessane som har vore i oppfølginga av arbeidsmiljøundersøkinga. Resultata frå evalueringa viser at det må arbeidast vidare med å integrere samspelverdiane (lagånd, openheit og respekt) i alle ledda i verksemda.

Verneombod

Dei siste par åra har verneomboda fått ein meir sentral posisjon i verksemda. Dei blir kalla inn til

3) Frå 2009 blir seniorgrensa sett til 50 år.

møte der arbeidsmiljø er tema, og dei har fått ei meir aktiv rolle i seksjonsmøte og avdelingsmøte. Hovudverneombodet er med i møte mellom Administrasjonsavdelinga og tenestemannsorganisasjonane.

Intern varsling

I tråd med krava i arbeidsmiljølova har Riksrevisjonen etablert retningslinjer for varsling om kritikkverdige forhold i eiga verksemd. Det er oppretta ei eiga varslingsgruppe som er underlagd AMU. Denne gruppa kan ta imot varslar om kritikkverdige forhold internt.

Etiske retningslinjer

I dag er etiske verdiar og normer for dei tilsette i Riksrevisjonen regulerte gjennom ei rekkje rettsreglar, revisjonsfaglege standardar og andre retningslinjer. Derfor er det sett i gang arbeid for å samle og gjere tydelegare dei etiske krava i eit eige dokument som skal vere tilpassa verksemda til Riksrevisjonen. Arbeidet blir ferdigstilt i 2009.

6.3.5 Andre personalpolitiske tiltak

Inkluderande arbeidsliv (IA)

Riksrevisjonen arbeider aktivt og systematisk med oppfølging og tilrettelegging for sjukmelde og tilsette med nedsett funksjonsevne, slik at sjukefråvere og uføretrygd blir redusert. Verdigrunnlaget til Riksrevisjonen står sentralt i IA-arbeidet. Erfaringen viser at fleksibilitet og oppfølging over tid gjer det mogleg for tilsette å komme tilbake etter lengre fråvere, trass i melombels eller varig nedsett funksjonsevne.

Seniorpolitikk i Riksrevisjonen

Riksrevisjonen arbeider for å ha ein seniorpolitikk som tek utgangspunkt i at seniormedarbeidarane utgjer erfaren, kompetent, stabil og lojal arbeidskraft. Dei har ei verdifull livs- og arbeidserfaring som det er viktig å framheve, ta vare på og vidareutvikle. I 2008 har seniorpolitikken blitt evaluert, og det er innført nye tiltak for å stimulere seniorane til å arbeide lengst mogleg. Dei nye tiltaka som skal gjelde frå 2009, rettar seg spesielt mot gruppa 62 år og eldre. Dei kan velje mellom alternativa redusert arbeidstid, ekstra permisjon eller eit fast lønns-tillegg. Avtalen med den einskilde medarbeidaren blir inngått for eitt år om gongen.

6.3.6 Sjukefråvere

Sjukefråveret i 2008 var på 4,8 prosent, mot 4,7 prosent i 2007 og 5,5 prosent i 2006.

Riksrevisjonen arbeider kontinuerleg med å auke kompetansen til leiarar og medarbeidarar både for å førebyggje og for å leggje til rette ved sjukefråvere. Viktige tiltak er informasjon om verkemiddel, rettar og plikter for dei tilsette og enkel tilgang til samtalar og bistand frå Personalseksjonen både for leiar og medarbeidar i konkrete saker.

Bedriftshelsetenesta har nødvendig kompetanse og er ein viktig samarbeidspartnar både ved førebygging og tilrettelegging.

6.3.7 Rekruttering, personalomsetning og marknadsføring

I 2008 blei det tilsett 61 nye medarbeidarar. Av desse var 36 kvinner og 25 menn. Total personalomsetning i 2008 var på 8 prosent (11,7 prosent i 2007). Fire medarbeidarar gjekk over i pensjon.

For å sikre kvalifiserte søkjarar til ledige stillingar deltek Riksrevisjonen blant anna på karrieredagar og held presentasjonar om Riksrevisjonen som arbeidsplass på universitet og høgskolar med relevante fagområde. Riksrevisjonen fekk likevel merkbar færre søknader på kunngjorde stillingar i 2008 enn året før.



Foto: Ilja Hendel

7 Administrasjon og interne aktivitetar

7.1 Styringssystemet til Riksrevisjonen

Riksrevisjonen har ein fireårig strategisk planperiode. Den gjeldande strategiske planen går frå 2006 til 2010. Den årlege verksemdsstyringa skjer gjennom årlege verksemdsplanar, som i tillegg blir operasjonaliserte gjennom avdelingsvise planar. Risikovurdering og -styring skal vere ein integrert del av planprosessane på alle nivå. For å ytterlegare sikre at risikostyring bidreg til ei riktig prioritering av oppgåvene, har det gjeldande styringssystemet blitt gjennomgått, og det har blitt etablert nye retningslinjer for intern risikostyring.

Arbeidet med etableringa av ein ny strategisk plan for perioden 2010–2014 byrja i 2008 og held fram i 2009.



Foto: Ilja Hendel

7.2 Administrative driftsoppgåver og støttefunksjonar

Riksrevisjonen har ei eiga administrativ avdeling som bidreg til at Riksrevisjonen når måla sine ved ta vare på fellesfunksjonar og yte service og støtte til revisjonsavdelingane. IKT-seksjonen, som er ein del av denne avdelinga, har ansvaret for å drifte IKT-systema til Riksrevisjonen, hjelpe til i utviklinga av nye IKT-løysingar og støtte revisorane med praktisk erfaring i revisjonsarbeidet. Eksterne IKT-konsulentar blir brukte til større utviklingsoppgåver og ved behov for spesiell kompetanse.

7.3 Sikkerheit i Riksrevisjonen

Det definerte sikkerheitsmålet til Riksrevisjonen er at all informasjonsbehandling skal utførast i tråd med lovpålagde krav og på ein slik måte at tilliten til Riksrevisjonen ikkje blir svekt. Det er etablert eit internt sikkerheitsforum som skal bidra til at sikkerheitsmåla til Riksrevisjonen for behandling av informasjon, blir nådd. Riksrevisjonen har også etablert eit eige sikkerheitsregelverk som alle tilsette skal vere kjende med og følge. Det er utarbeidd eit nytt nettbasert oppdateringskurs i sikkerheit som alle dei tilsette har gjennomført.

I Riksrevisjonen blir omfattande mengder informasjon behandla, både manuelt og elektronisk, i ulike støttesystem. For å sikre at gjeldande sikkerheitskrav blir følgde, blir alle dei aktuelle systema løpande vurderte. Det blir også gjennomført risikovurderingar av alle nye IKT-system som blir sette i drift og ved endringar som kan påverke informasjonssikkerheita. Mal og rettleiing for gjennomføring av slike risikovurderingar blei oppdaterte våren 2008.

I 2008 blei det godkjent eit eige elektronisk system for behandling av gradert informasjon i Riksrevisjonen. Systemet er godkjent av Nasjonalt tryggingssystem. Alle tilsette det gjeld, har fått opplæring i systemet.

Ei ny løysing har blitt installert for å få sikker tilgang til nettverka til Riksrevisjonen over eksternt nett (mobilt kontor). Det har dessutan blitt installert ei løysing for å lese e-post til Riksrevisjonen frå Internett (Outlook Web Access). I tillegg har alle harddiskane i datamaskinene til Riksrevisjonen blitt oppdaterte med krypteringsløysingar.

7.4 Elektronisk dokumentlager og elektronisk saksflyt

I 2007 starta innføringa av eit elektronisk dokumentlager. Dokumentlageret skal brukast til dokument som ikkje er arkiverdige etter arkivlova. I 2008 har pilotgrupper teke i bruk arbeidsområde som ein del av arbeidet med elektronisk

dokumenthandtering. Arbeidet kjem til å gå føre seg over fleire år og kjem også til å innehalde eit enkelt elektronisk saksflytssystem.

7.5 Forum – Den interne informasjonskanalen i Riksrevisjonen

Forum er den interne elektroniske informasjonskanalen i Riksrevisjonen. I 2008 blei Forum vidareutvikla med ei oppgradert publiseringsløysing, betre søkjefunksjon og justeringar i strukturen for å gjere informasjonen lettare tilgjengeleg.

7.6 Dokumentoffentlegheit

I 2008 kom det inn 349 krav om innsyn til Riksrevisjonen (187 i 2007). 157 av desse gjeld dokument som er omfatta av føresegnene om utsett offentlegheit (riksrevisjonslova § 18 (2)).

Av dei 192 krava om innsyn som har vore behandla etter avgjerdene om dokumentoffentlegheit i Riksrevisjonen (141 i 2007), er det gitt innsyn i 160 dokument (117 i 2007). Det har vore gitt heilt eller delvis avslag om innsyn i fire tilfelle (24 i 2007). Fire klager på avslag har vore behandla av Kollegiet. Klagene blei ikkje tekne til følgje i tre av sakene, mens éi klage blei delvis teken til følgje.

I tillegg har arkivet ekspedert 225 krav om innsyn i forhandlingsresultatet frå dei lokale forhandlingane i 2008, både 2.3.3- og 2.3.4-forhandlingar etter Hovudtariffavtalen.

7.7 Interne arrangement

Det blir jamleg arrangerte temamøte – Fagleg forum – for dei tilsette i Riksrevisjonen, med både interne og eksterne føredragshaldarar. I 2008 blei det arrangert til saman åtte slike møte. Temaa har blant anna vore intervjuteknikk, konflikthandtering, misleghald, statleg ressursbruk og resultat og fagfellelvurderinga av Den europeiske revisjonsretten (ECA).

Det blir arrangert leiarfrukostar der det er fokus på aktuelle leiarfaglege tema og utfordringar.

Hausten 2008 arrangerte Riksrevisjonen ein fagdag for alle tilsette der hovudtemaet var å få synspunkt og innspel til arbeidet med Dokument nr. 1. Det var føredragshaldarar frå Forsvars-

departementet, Forsvaret, Finansdepartementet og SSØ. Andre tema på fagdagen var moglegheitene i framtida når det gjeld elektronisk kommunikasjon, dei globale utfordringane og motivasjon.

7.8 Historia til Riksrevisjonen

I 2008 blei det inngått ein avtale med Handelshøyskolen BI om skriving av historia til Riksrevisjonen 1816–2016. Det er planlagt at historia skal komme ut som eit bokverk i samband med 200-årsjubileet til Riksrevisjonen i 2016.

8 Budsjett og rekneskap for Riksrevisjonen for 2008

Rekneskapen til Riksrevisjonen er revidert av statsautorisert revisor Ole Kjelstrup, som presidentskapet i Stortinget har utnemnd om revisor.

Rekneskapen for 2008 med notar og revisjonsmelding er sendt til presidentskapet i Stortinget.

Tabell 3 Budsjett og rekneskap for Riksrevisjonen for 2008 (tal i 1000 kr)

Kap	Post		Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
0051		Riksrevisjonen			
	01	Lønn og godtgjersler	238 582	261 331	268 656
	01	Varer og tenester	120 156	134 209	125 107
		Sum utgifter	358 738	395 540	393 763
3051		Riksrevisjonen			
	01	Refusjon innland	1 238	1 300	1 238
	02	Refusjon utland	930	2 000	1 960
	03	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	0		11
	16	Refusjon fødselspengar	4 770		4 390
	18	Refusjon sjukepengar	4 077		4 092
		Sum inntekter	11 015	3 300	11 691

Riksrevisjonens melding om verksemda i 2008 blir send til Stortinget.

Vedteke i møte i Riksrevisjonen 26. mars 2009

Jørgen Kosmo

Jan L. Stub


Annelise Høegh

Morten Lund


Ranveig Frøiland

Björg Selås

Vedlegg 1: Organisasjonskart for Riksrevisjonen per 31. desember 2008



Vedlegg 2: Lokalisering av medarbeidarane i Riksrevisjonen per 31. desember 2008



Vedlegg 3: Rapportering frå Riksrevisjonen til Stortinget i 2008

Desse revisjonsrapportane er sende til Stortinget i 2008:

- Dokument nr. 3:4 (2007–2008) *Riksrevisjonens undersøkelse av Justisdepartementets samordningsansvar for samfunnssikkerhet*
- Dokument nr. 3:5 (2007–2008) *Riksrevisjonens undersøkelse av næringsutvikling i landbruket*
- Dokument nr. 3:6 (2007–2008) *Riksrevisjonens virksomhetsanalyse av Bufetat*
- Dokument nr. 3:7 (2007–2008) *Riksrevisjonens undersøkelse om IKT i sykehus og elektronisk samhandling i helsetjenesten*
- Dokument nr. 3:8 (2007–2008) *Riksrevisjonens undersøkelse av tilbudet til de vanskeligstilte på boligmarkedet*
- Dokument nr. 3:9 (2007–2008) *Riksrevisjonens undersøkelse av myndighetsutøvelse for reduksjon av NOx-utslipp*
- Dokument nr. 3:10 (2007–2008) *Riksrevisjonens undersøkelse av bevaringen og sikringen av samlingene ved statlige museer*
- Dokument nr. 3:11 (2007–2008) *Riksrevisjonens undersøkelse av behandling og oppfølging av Vik-brevet i Kommunal- og regionaldepartementet ("Terra-saka")*
- Dokument nr. 3:12 (2007–2008) *Riksrevisjonens undersøkelse av elektronisk informasjonsutveksling og tjenesteutvikling i offentlig sektor*
- Dokument nr. 3:13 (2007–2008) *Riksrevisjonens oppfølgingsundersøkelse av effektiviteten i straffesakskjeden*
- Dokument nr. 3:14 (2007–2008) *Riksrevisjonens undersøkelse av tilbudet til voksne om grunnskoleopplæring og opplæring på videregående skolenivå*
- Dokument nr. 3:15 (2007–2008) *Riksrevisjonens undersøkelse om statlig virkemiddelbruk for sikker og pålitelig overføring av kraft i distribusjonsnett*
- Dokument nr. 3:16 (2007–2008) *Riksrevisjonens undersøkelse av nordisk samarbeid om reparasjonsberedskap for kraftsystemet – en parallellrevisjon mellom norsk, dansk og finsk riksrevisjon*
- Dokument nr. 1 (2008–2009) *Riksrevisjonens rapport om den årlige revisjon og kontroll for budsjettåret 2007*
- Dokument nr. 3:1 (2008–2009) *Riksrevisjonens oppfølging av forvaltningsrevisjonar som er behandla av Stortinget*
- Dokument nr. 3:2 (2008–2009) *Riksrevisjonens undersøkelse av effektiviteten i norsk humanitær bistand*
- Dokument nr. 3:3 (2008–2009) *Riksrevisjonens undersøkelse av myndighetenes innsats mot økonomisk kriminalitet*
- Dokument nr. 3:4 (2008–2009) *Riksrevisjonens undersøkelse av Innovasjon Norge som statlig næringsutviklingsaktør*
- Dokument nr. 3:5 (2008–2009) *Riksrevisjonens undersøkelse av spesialisthelsetenesta sitt tilbud til voksne med psykiske problem*

Alle dokumenta og pressemeldingane er tilgjengelege på nettstaden til Riksrevisjonen: www.riksrevisjonen.no.

Vedlegg 4: Forvaltningsrevisjonar som er i gang, og som held fram i 2009

Foranalysar = (FA)

Hovudanalysar = (HA)

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

- Virksomhetsanalyse av Utlendingsdirektoratet (HA)
- NAVs arbeidslivssentre og tilretteleggings-tilskudd (HA)

Barne- og likestillingsdepartementet

- Adgang til samfunnslivet for personer med funksjonsnedsettelse (HA)

Finansdepartementet

- Ligning og kontroll av grunnlagsdata i skatte-etaten (HA)

Fiskeri- og kystdepartementet

- Oppfølging av den parallelle revisjonen mellom den russiske og norske Riksrevisjonen av forvaltningen av de levende marine ressursene i Barentshavet og Norskehavet (HA)

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

- Anskaffelser og innkjøp i staten (HA)

Forsvarsdepartementet

- Omstillingen i forsvarssektoren (HA)⁴
- Atomsikkerhet i nordområdene – parallell revisjon med den russiske riksrevisjonen (HA)

Helse- og omsorgsdepartementet

- Kvalitet og samarbeid i pleie- og omsorgstjenestene til eldre (HA)⁵
- Myndighetenes regulering av markedet for kopilegemidler (HA)⁶
- Tilskudd til private aktører innen rusbehandling (HA)
- Økonomi- og risikostyring i helseforetakene (HA)
- Helse Midt-Norge RHF's håndtering av anskaffelsesprosessen og oppfølging av kontraktene om levering av ambulansetjenester (HA)
- Styring og måloppnåelse innenfor Norsk helsenett (HA)

Justis- og politidepartementet

- Myndighetenes innsats mot organisert grense-overskridende kriminalitet (HA)

Kultur og kirkedepartementet

- Tilskudd til idrettsanlegg (HA)⁷
- Sikring og tilgjengelighet av bevaringsverdig arkivmateriale i kommuner og fylkeskommuner (FA)

Kunnskapsdepartementet

- Styring og forvaltning av barnehagetjenestene (HA)

Landbruks- og matdepartementet

- Måloppnåelse og styring innen jordbruket (HA)

Miljøverndepartementet

- Ivaretagelse av fredede og verneverdige bygninger (HA)
- Måloppnåelse i klimapolitikken (HA)

Olje- og energidepartementet

- ENOVA SFs drift og forvaltning (HA)
- Konesjonsrunder og tildeling av utvinnings-tillatelse (HA)
- Myndighetenes arbeid for å begrense flom- og skredfarer (HA)

Samferdselsdepartementet

- Drift og vedlikehold av vegnettet (HA)

Utenriksdepartementet

- Resultatorientering i norsk bistand (HA)

4) Dokument nr. 3:6 (2008–2009) blei lagt fram for Stortinget 20. januar 2009.

5) Administrativ rapport nr. 1 2009, datert 2. april 2009.

6) Dokument nr. 3:7 (2008–2009) blei lagt fram for Stortinget 12. mars 2009.

7) Dokument nr. 3:8 (2008–2009) blei lagt fram for Stortinget 28. april 2009.

Vedlegg 5: Samarbeidserklæring (MoU) mellom Riksrevisjonen og Utenriksdepartementet vedrørende Riksrevisjonens utviklingssamarbeid med riksrevisjoner i utviklingsland og i samarbeidsland i Øst- og Sentral-Europa

Bakgrunn

- 1 Stortinget har sluttet seg til at Riksrevisjonen kan påta seg revisjons-, kontroll- eller bistandsoppdrag internasjonalt, jf. Riksrevisjonslovens § 9,6. ledd. Ved Stortingets behandling av loven, ble bl.a. den etablerte praksis som dannet grunnlag for Riksrevisjonens internasjonale engasjement, herunder bistandsarbeid, lovfestet.
- 2 Overordnet mål for Riksrevisjonens utviklingssamarbeid skal være å støtte opp om norske utenriks- og utviklingspolitiske målsettinger om demokratibyggning og fattigdomsbekjempelse ved å bidra til utvikling av godt styresett og bekjempelse av korrupsjon gjennom kapasitetsutvikling av riksrevisjoner i utvalgte utviklingsland og i samarbeidsland i Øst- og Sentral-Europa. Riksrevisjonen har etablert en egen seksjon som skal ha ansvaret for Riksrevisjonens utviklingssamarbeid.
- 3 Formålet med denne samarbeidserklæringen er å regulere samarbeidet mellom Riksrevisjonen og Utenriksdepartementet i tilknytning til Riksrevisjonens arbeid med kapasitetsutvikling av riksrevisjoner i utviklingsland og i samarbeidsland i Øst- og Sentral-Europa for dermed å sikre at Riksrevisjonens utviklingssamarbeid støtter opp om norske utenriks- og utviklingspolitiske målsettinger.
- 4 Finansieringen av utviklingssamarbeidet skal dekkes over Riksrevisjonens budsjett. Dersom Riksrevisjonen deltar i multilaterale bistandsprosjekter med egen finansiering av andre, vil det normalt være aktuelt å motta refusjoner. Riksrevisjonen vil besørge at prosjektkostnadene etter OECDs Development Assistance Committee (DAC) regelverk blir rapportert som Official Development Aid (ODA-midler).
- 5 Utenriksdepartementet har det samlede ansvaret for norsk utenriks- og utviklingspolitikk herunder strategisk planlegging og politikktutforming til forvaltning av bistandsmidlene gjennom multilaterale og bilaterale kanaler. Den første kontakten med landets myndigheter bør derfor kanaliseres gjennom Utenriksdepartementet ved den norske ambassaden i

mottakerlandet. Ved direkte henvendelser til Riksrevisjonen om samarbeid bør Riksrevisjonen informere Utenriksdepartementet ved den norske ambassaden i landet.

Utenriksdepartementets ansvar og oppgaver

- 6 Utenriksdepartementet skal informere Riksrevisjonen om land som er prioritert i norsk utviklingssamarbeid og hvor forholdene ligger best til rette for et samarbeid.
- 7 Utenriksdepartementet og den norske ambassaden i mottakerlandet, skal på best mulig måte støtte opp under Riksrevisjonens arbeid.

Riksrevisjonens ansvar og oppgaver

- 8 Riksrevisjonens skal i sitt utviklingssamarbeid som en del av norsk bistand, prioritere land hvor Norge allerede har et samarbeid med landets myndigheter, eller hvor Norge har et særlig engasjement som gjør det ønskelig å bidra til å styrke revisjonskapasiteten. Land hvor Norge gir eller planlegger å gi budsjettstøtte, og samarbeidsland i Øst- og Sentral-Europa som er mottakere av norsk bistand, bør ha høy prioritet.
- 9 Som et ledd i Riksrevisjonens vurdering av samarbeid med et land bør det innhentes en vurdering fra Utenriksdepartementet om dette er hensiktsmessig ut i fra norske utviklings- og utenrikspolitiske føringer og situasjonen i det aktuelle landet. Den endelige beslutningen om samarbeid tas av Riksrevisjonen.
- 10 Den videre planleggingen og gjennomføringen av samarbeidet er Riksrevisjonens ansvar; føre den faglige dialogen med mottaker, komme fram til enighet om en omforent prosjektbeskrivelse med arbeidsplan, utarbeide budsjett, inngå avtale og følge opp denne. Riksrevisjonen kan søke råd fra Utenriksdepartementet eventuelt Norad i denne prosessen.

Konsultasjoner

- 11 Det skal gjennomføres halvårlige møter mellom Riksrevisjonen og Utenriksdepartementet.
 - Et møte etter årsskiftet hvor planer for året, samt foreløpige erfaringer og resultater fra

- foregående år og andre problemstillinger som partene ønsker å ta opp, diskuteres. I dette møtet bør også behovet for fremtidig utviklingssamarbeid klarlegges for planlegging av omfanget av prosjekter med konsekvenser for Riksrevisjonens budsjett det påfølgende år.
- Et møte om høsten hvor resultater og erfaringer fra foregående år, samt eventuelle endringer i forhold til inneværende års planer og øvrige problemstillinger som partene ønsker å ta opp, diskuteres.

12 Riksrevisjonen har ansvar for å innkalle til de halvårslige møter.

13 Møtene skal ikke ha besluttende myndighet. Det skal utarbeides omforente møtereferater fra møtene.

Avslutning

14 Samarbeidserklæringen varer til partene blir enige om å endre eller avslutte den.

15 Det foretas en gjennomgang av erfaringene med samarbeidserklæringen etter to år.

Oslo, 20. februar 2007

Riksrevisor Jørgen Kosmo (sign.)

Utviklingsminister Erik Solheim (sign.)



17 493 460 65 237 5 740 612 3 808 164 11 218 9 461



Riksrevisjonen
Pilestredet 42
Postboks 8130 Dep
0032 Oslo

sentralbord 22 24 10 00
telefaks 22 24 10 01
riksrevisjonen@riksrevisjonen.no

www.riksrevisjonen.no

42 104 10 587 040 9 425 14 617 8663 38 121 24 060 -3 496 7 160 389

INTOSAI Development Initiative (IDI) er et utviklingsprogram som er rettet mot riksrevisjoner i utviklings- og reformland. IDI har som hovedmål å bidra til at samarbeidslandene kan få bedret sin revisjonskapasitet. Dette foregår gjennom behovsbaserte, målrettede, framsynte og bærekraftige samarbeidsprogrammer i INTOSAI (International Organization of Supreme Audit Institutions) sju verdensomspennende regioner og grupper av riksrevisjoner med likeartede utviklingsbehov. Av INTOSAI 189 medlemmer er ca. 135 riksrevisjoner fra utviklingsland.

IDI ble etablert som en norsk stiftelse 25. mai 1999 i overensstemmelse med Stortingets vedtak etter forslag fra Riksrevisjonen, jf. Dokument nr. 3:14 (1997–98) og Innst. S. nr. 8 (1998–99). Styret for IDI består av sju medlemmer, hvorav fire er fra Riksrevisjonen. Riksrevisjonens leder er leder av styret for IDI. De tre andre styremedlemmene er riksrevisorene i Canada, Nederland og Storbritannia. INTOSAI generalsekretær og lederen av INTOSAI hovedkomité for kapasitetsutvikling er observatører. Av styremedlemmene er fire menn og tre kvinner. Riksrevisjonens leder er styremedlem i INTOSAI i kraft av å være leder av IDIs styre.

IDI strategiske plan 2007–2012 har fire målområder:

- 1 å effektivt heve kompetansen til medarbeidere i riksrevisjoner
- 2 å støtte organisasjonsutvikling i riksrevisjoner
- 3 å bidra til informasjonsspredning og kunnskapsdeling blant riksrevisjoner
- 4 å organisere og drive IDI økonomisk og effektivt, og å fremme et motiverende arbeidsmiljø

I 2007 samarbeidet IDI nært med INTOSAI regioner, og dette ga IDI et godt bilde av regionale utviklingsbehov. De fleste av IDIs programmer og prosjekter i 2008 har vært lagt opp med tanke på å styrke kapasiteten til de ulike regionene og samarbeidslandene. Programmene organiseres slik at de kan gjenbrukes i andre regioner og land enn der de gjennomføres første gang. IDI

har i senere år opplevd større interesse og økende etterspørsel etter utviklingsprogrammer.

En analyse av utviklingsbehov blir ofte fulgt av strategisk planlegging for at man skal kunne gjennomføre målrettet utviklingsarbeid. IDI har utviklet og gjennomført programmer for strategisk planlegging i riksrevisjoner og på regionalt nivå. IDI har også utgitt en egen håndbok i strategisk planlegging for riksrevisjoner. Det er stor interesse for IDIs assistanse til behovsanalyser og strategisk og operasjonell planlegging.

Et program for kvalitetssikring av finansiell revisjon ble avsluttet i 2008. Programmet hadde ti asiatiske land som deltakere og resulterte i retningslinjer og en håndbok for kvalitetssikring, et kursopplegg, gjennomføring av pilotrevisjoner i landene og tilpasning av revisjonsmetodikken til retningslinjene.

I flere regioner har IDI fortsatt å utdanne opplæringsspesialister i mange riksrevisjoner. I 2008–2009 vil det til sammen bli utdannet ca. 65 nye opplæringsspesialister i Asia og i fransktalende land i Afrika. Internett og e-læring brukes aktivt for å effektivisere programmene og redusere kostnader. Deltakerne trenes i å anvende opplæring som del av bredere anlagt kapasitetsstyrking.

Et interregionalt utviklingsprogram i revisjon av forvaltningen av offentlig gjeld ble startet i 2008. IDI samarbeider med INTOSAI arbeidsgruppe for revisjon av offentlig gjeld og UNCTAD (United Nations Conference on Trade and Development) og UNITAR (United Nations Institute for Training and Research). Målet er å kunne levere et tilpasset program på engelsk og fransk til ca. 30 land i seks ulike regioner samtidig, med innslag av både fysiske samlinger og internettbaserte aktiviteter. Programmet vil vare i to år og resultere i at landene som deltar, får styrket profesjonell og institusjonell kapasitet til å revidere forvaltningen av offentlig gjeld.

IDI har prioritert å lage veiledningsmaterieell på flere områder. I 2008 har organisasjonen arbeidet med å utvikle håndbøker for riksrevisjoner i temaer som analyse av utviklingsbehov, lærende

organisasjoner, oppdagelse av symptomer på korrupsjon og misligheter, og ledelse av utviklingsprogrammer.

IDI har en bred kontaktflate til INTOSAI og andre organisasjoner som deltar i internasjonalt samarbeid om reformer i offentlig finansforvaltning.

Driften av IDIs sekretariat finansieres ved et årlig tilskudd over bistandsbudsjettet. Dette utbetales fra Norad. Finansieringen av IDIs programaktiviteter må søkes fra tilgjengelige kilder internasjonalt, og den økonomiske støtten fra donorer er avgjørende for IDIs faglige virksomhet. I 2008 mottok IDI støtte fra Canada, Danmark, Finland, Island, Sveits og Sverige. Organisasjonen mottok også bidrag fra INTOSAI's opplæringsbudsjett og riksrevisjonene i Kuwait og Oman. En rekke riksrevisjoner gir verdifull støtte til IDIs aktiviteter i form av tjenester. IDIs regnskap for 2008 viste et forbruk på ca. 31,5 mill. kroner.

Det pågår et viktig samarbeid mellom INTOSAI, IDI, Verdensbanken og en gruppe donorer (bl.a. Norad) med sikte på inngåelse av en global partnerskapsavtale. Blant donorer er det større interesse enn tidligere for å satse på utvikling av riksrevisjoner. Partnerskapsavtalen er tenkt å danne grunnlaget for økt og mer målrettet støtte til riksrevisjoner i utviklingsland.

Nye finansieringsordninger vil kunne få innflytelse på finansieringen av IDI. Den globale økonomiske krisen som inntraff i 2008, har økt usikkerheten når det gjelder finansieringen av IDI. Økonomien vil bli overvåket og fortløpende vurdert, slik at eventuelle tilpasninger av virksomheten kan foretas i tide dersom inntektene skulle svikte.

IDI-sekretariatet er samlokalisert med Riksrevisjonen i Oslo og leier kontorplass og møterom av Riksrevisjonen. I 2008 disponerte IDI 13,4 årsverk fordelt på 14 medarbeidere, hvorav elleve var ansatt av IDI og tre var hospitanter fra riksrevisjonene i India (to hospitanter) og Tunisia. Etter hvert som IDI har fått mer omfattende programmer for kapasitetsstyrking, har det oppstått behov for mer arbeidskraft til planlegging, gjennomføring og oppfølging av programmer i regionene. IDI har valgt å dekke dette behovet ved å rekruttere hospitanter fra riksrevisjoner i noen regioner til å arbeide med utviklingsprogrammer innenfor den regionen de selv tilhører. I 2008 ble til sammen fem regionale hospitanter

rekruttert i Afrika (to medarbeidere), Asia, Karibia og Latin-Amerika.

Etter anmodning fra Norad foretok et konsulentfirma en ekstern evaluering av IDI i 2008. Hovedkonklusjonen i rapporten er at IDI-sekretariatets virksomhet drives svært kostnadseffektivt i forhold til mange internasjonale organisasjoner. IDI har hatt organisasjonsmessig kapasitet til å gjennomføre et imponerende antall aktiviteter som omhandler opplæring og kunnskapsdeling, og har klart en krevende omstilling fra primært å drive opplæringsvirksomhet til å utvikle mer omfattende programmer for kapasitetsstyrking. I atskillige andre rapporter har gjennomføringen av IDIs programvirksomhet blitt karakterisert som veldokumentert og vurdert til å være vellykket. Evalueringsrapporten fra 2008 har vært behandlet av styret for IDI og internt i sekretariatet. Rapporten anlegger et bredt perspektiv hvor det pekes på viktige utfordringer for IDIs egen utvikling framover. Som ledd i oppfølgingen har IDI forpliktet seg til å se nærmere på hvordan modellen for IDIs utviklingsprogrammer kan forbedres for å sikre at målbare resultater oppnås på landnivå. IDIs rolle som kunnskapsformidler innenfor INTOSAI skal defineres nærmere. Samarbeidet med andre organisasjoner og institusjoner som arbeider med forvaltningsutvikling og reformer i offentlig økonomiforvaltning, skal fortsette. Det vil bli vurdert hvordan utviklingsland kan få større innflytelse på styringen av IDI, og om staben i IDI kan bli ytterligere internasjonalsert.